



## Austevoll kommune

Storebø FUS barnehage AS  
Lindevika 8

5392 STOREBØ

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
22/793- 2021034891/13	22/793		14.06.2022

### Endeleg rapport etter stadleg tilsyn i Storebø FUS barnehage mai 2022

Austevoll kommune har i perioden 1.04.2022 til dags dato, gjennomført varsla tilsyn med Storebø FUS barnehage. Kontaktperson i barnehagen: Agnete Søreide, dagleg leiar

Det vart gjennomført stadleg tilsyn i Storebø FUS barnehage 04.05.2022.

Det vart ikkje avdekka lovbrøt under tilsynet.

### Om tilsynet med Storebø FUS barnehage

Austevoll kommune, som barnehagemynd, fører tilsyn med Storebø FUS barnehage, jf. barnehagelova § 53. *Kommunen sitt tilsyn med barnehagane.* Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, er tilsyn med det som er lovpålagt knytt til barnedrift. Barnehagemynd i Austevoll kommune har ansvar for å sjå til at barnehagane vert drivne etter barnehagelova § 10.

### Tema for tilsynet med heimel i Lov om barnehager og delegert fullmakt:

- Lov om barnehager med tilhøyrande forskrifter.
- Rammeplan for innhaldet i og oppgåver i barnehagen

### Tema og føremålet med tilsynet (Lov om barnehager):

- § 3 Barns rett til medvirkning og omsynet til barnet sitt beste
- § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval
- § 37 Barn med nedsett funksjonsevne
- Kapittel 8 Psykososialt barnehagemiljø § 41, 42, 43
- § 25 Pedagogisk bemanning (inkl. § 1 Norm for pedagogisk bemanning, forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager)
- § 25 Grunnbemanning

Tilsynet rettar merksemda mot barnehagen si oppfyljing av krav innanfor dei oppgitte emna, og rapporten viser eventuelle lovbrøt som vart avdekte under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av barnehagen.

### Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Storebø FUS barnehage vart opna gjennom varselbrev datert 01.04.2022. Barnehagen er pålagt å legge fram dokumentasjon for kommunen med heimel i barnehagelova §§ 10 og 53. Tilsynet

vart gjennomført ved gransking av framlagte dokument og ved intervju av personar knytt til barnehagen.

### **Rettslege krav**

Etter barnehagelova § 53 fører kommunen tilsyn med alle barnehagane i kommunen. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve ved godkjente eller godkjeningspliktige verksemdar, og vedta tidsavgrensa eller varig stenging. Kommunen bestemmer sjølv korleis og kor ofte tilsyn skal gjennomførast. Foreldrerådet skal få høve til å uttale seg før kommunen fattar vedtak om stenging.

Når kommunen driv rettleiing og tilsyn med barnehagane, er dette utøving av offentleg mynde. Det følgjer av barnehagelova § 10 at kommunen, som barnehagemynde, skal rettleie og sjå til at barnehagane driv i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen sin kunnskap om barnehagane dannar grunnlag for bruk av verkemidla rettleiing eller tilsyn.

### **Kommunen sin konklusjon**

Austevoll kommune har i endeleg tilsynsrapport etter tilsyn med Storebø FUS barnehage jf. barnehagelova med forskrifter, ikkje funne brot på regelverket. Endeleg tilsynsrapport blir gjort offentleg på kommunen sine heimesider.

#### § 3 Barns rett til medvirkning og omsynet til barnet sitt beste.

Lovbrot ikkje funne.

#### § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval

Lovbrot ikkje funne.

#### § 37 Barn med nedsett funksjonsevne

Lovbrot ikkje funne.

#### Kapittel 8 Psykososialt barnehagemiljø §§ 41, 42, 43

Lovbrot ikkje funne.

#### § 25 Pedagogisk bemanning (barnehagelova) og § 1 Norm for pedagogisk bemanning (forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager

Lovbrot ikkje funne.

#### § 26 Grunnbemanning

Lovbrot ikkje funne.

Storebø FUS barnehage fekk frist til 5. juni 2022 for å kommentere førebels tilsynsrapport. Austevoll kommune har ikkje mottatt merknader frå barnehagen.

### **Oppvekst, kultur og fritid**

Brit Trellevik  
konst. kommunalsjef

Wenche Gloppen  
Rådgevar administrasjon/barnehage

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikke underskrift.*

**Mottakarar:**

Storebø FUS barnehage AS

Lindevika 8

5392

STOREBØ